

Saksframlegg

Saksbehandlar: Kristin Arnestad, Næringsavdelinga
Sak nr.: 11/5596-7

Retningslinjer for verkemiddelbruk næringsretta satsingar - revisjon

Fylkesdirektøren rår for næring til å gjere slikt vedtak:

1. Hovudutval for plan og næring vedtek retningslinjer for verkemiddelbruk for næringsretta satsingar i tråd med endringar føreslått i vedlegg 1.

Vedlegg:

Framlegg til retningslinjer for verkemiddelbruk – næringsretta satsingar, gjeldande frå 1. januar 2015

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Forskrift Statsbudsjettet, kap. 551, post 60 og 61
Retningslinjer Statsbudsjettet, Kap. 551, post 60 og 61
Verdiskapingsplanen

1. BAKGRUNN

1.1 Bakgrunn for at saka er reist

Retningslinene for verkemiddelbruk vart først vedtekte av hovudutval for plan og næring i juni 2012, før dei i februar 2014 vart revidert av hovudutvalet. Revisjonen i 2014 kom hovudsakleg som følgje av endringar i i retningslinene for Kap. 551, post 60 og 61, og ei ny forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar.

I sak til hovudutvalet i februar sa vi at det skulle gjerast ein større gjennomgang av retningslinene i 2014, med verknadd frå 2015. Grunnen var verdiskapingsplanen som skulle vedtakast i løpet av året.

No ser vi at det ikkje er trong for å gjere større endringar som følgje av verdiskapingsplanen, men vi har likevel lagt opp til ein gjennomgang av retningslinene.

1.2 Om retningslinene

Retningslinene blei vedtekte som del av eit større arbeid med å forbetre system og rutinar. Vi skal vere tydelege ovanfor sækjarar, sikre målretta bruk av midlane og ha ei sakshandsaming som har god kvalitet og er sams frå sak til sak. Retningsliner og regelverk skal ikkje vere omfattande, men bidra til eit enklare og meir oversiktleg system.

Retningslinene gjeld gjennomgåande for utlysing av midlar, sakshandsaming og hovudutvalet si tildeling av midlar. Retningslinene har vore med på å spisse kriteria i utlysingstekstane våre for ulike tilskotsordningar. Retningslinene gjer det lettare å vurdere søknadane som kjem inn, og grunnge vedtak.

Framlegget som ligg føre gjeld berre den delen av plan og næring sitt budsjett som gjeld næringsretta satsingar. Det treng ikkje vere eit problem, men det krev ekstra presisjonsnivå i kommunikasjon med andre og ved framlegging av saker til politisk handsaming.

1.3 Regelverket frå KMD

Størstedelen av midlane til plan og næring kjem frå Statsbudsjettet Kap. 551, post 60. Fordelinga av kva satsingar/tilskot som vert dekkja med midlar frå Kap. 551, og kva som vert dekkja med egne driftsmidlar skjer administrativt. Næring nyttar i dag ein høgare del midlar frå Kap. 551, post 60, enn det plan og samfunn gjer. Retningslinene frå departementet er difor førande for det meste vi disponerer av midlar. Fylkesdirektøren meiner at vi i minst mogleg grad må skilje mellom ulike typar midlar ovanfor sækjarar. Det er difor lagt opp til at retningslinene gjeld for alle midlar innan næringsretta satsingar, men det er opna for nokre unntak som sikrar fleksibilitet.

Det er ikkje varsla ein større gjennomgang av retningslinene for Kap. 551 for 2015. Kjem det endringar der som frå følgje for egne retningsliner må vi kome attende til det.

2. VURDERING OG KONSEKVEN SAR

Endringar som følgje av verdiskapingsplanen

I februar trudde vi at det ville kome endringar i retningslinene som følgje av verdiskapingsplanen. Vi ser no at det førebels ikkje er kome til noko som vi meiner bør føre til endringar.

Vi meiner det overordna målet om arbeidsplassvekst allereie er dekkja i retningslinene med prinsippet om at det skal leggest vekt på effekten prosjekt/tiltak vil ha på verdiskaping og sysselsetting. Meir detaljerte mål og prioriteringar innan dei ulike satsingane blir for spesifikt å ta med i desse overordna retningslinene. Prioriteringane i satsingane må heller utdjupe verkemiddelbruken, tildelingskriterier m.m. i kvart enkelt tilfelle og så må desse retningslinene vere basisen som ligg i botn for alle satsingane.

Det er heller ikkje kome fram noko i verkemidelpolitikken i nyskaping som fører til endringar. Den er førebels konsentrert om nokre bedriftsretta tiltak.

Mindre tekstlege endringar

Endringane som er føreslått er mindre justeringar av språk og omgrep. Satsingane er oppdatert i tråd med verdiskapingsplanen og vi har justert timesats for eige arbeid i prosjekt.

3. KONKLUSJON OG TILRÅDING

Vi har lagt inn framlegg til endringar i vedlegg 1. Vi har nytta spor endringsfunksjonen i gjeldandane retningsliner.